

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 11.mar 2026 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele og Dag Kjetil Læg Reid (1. vara)

Forfall: Kirsti Angvik Frugård og Knut Johannes Gram, Runar Isdahl (2.vara)

SAKLISTE

2026/14 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2026/15 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

2026/12 - 012 Årsrapport 2025

vedl 1

Soknerådet utarbeider innan 1. mars kvart år ein årsrapport over rådets aktivitet siste kalenderår. Rapporten vert framlagt årsmøtet/soknemøtet og vert sendt Kyrkjeleg Fellesråd, Prosten, Bispedømerådet og andre som soknerådet ynskjer.

Årsmelding for kyrkjeleg undervisning og læring var ikkje klar før kort tid før møtet.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner årsrapporten som framlagd i møtet, med tillegg av årsmelding frå KUL og nokre mindre tekstlige endringar.

2026/13 - 012 Årsmøte 2026

I alle sokn skal det kvart år haldast eit soknemøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf kyrkjelova §9. Dette årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er soknemøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Fristen for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapen er 1. april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette.

Diskusjon om dato og form på arrangement. Dei tre siste åra har årsmøtet vore arrangert som ein informasjonskveld i Kyrkjestova Fredheim heller enn eit enkelt, formelt årsmøte etter ei gudsteneste. Vil me eventuelt kombinere med kyrkjelydsmiddag etter gudstenesta?

Vedtak:

Soknerådet inviterer til eit soknemøte i Kyrkjestova Fredheim ca siste halvdel av april. Soknerådet er arrangementskomité saman - og alle kan bidra med ulike oppgåver, dei som evt ikkje kan delta den aktuelle dagen kan stå for annonsering eller liknande. Ønskje om å bruke soknemøtet til kyrkjelydsbygging, og dermed tone ned årsmøtepreget. Kombinere med eit måltid, f eks kveldsmat. Kanskje få til eit godt seminar eller anna innhald som folk ønskjer delta på. Eit aktuelt tema kan vere Cuba sidan det var fokus i 2025. Soknerådsleiar får ansvar for å foreslå dato, kanskje ein vekedag (torsdag?).

2026/16 - 130 Årsrekneskap 2025

Årsrekneskapen for Stord sokn for 2025 er ferdig og oversendt revisor. Tala viser eit overskot (mindreforbruk) på kr 39 872,- etter bruk av bunde fond for innsamla midlar til Cuba-prosjektet frå 2024. Bankutskrift viser total verdi på kr 791 816,- pr 31.12.2025 og eigenkapital på kr 574 149,-.

Vedtak:

Stord sokneråd godkjenner rekneskapen for 2025 som framlagd. Driftsoverskotet for

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2025 vert overført til ubunde fond (kr 39 872,-). Revisjonsberetning skal leggest fram for soknerådet når den føreligg.

2026/17 - 012 Evaluering av soknerådsarbeidet

Me er om lag halvvegs i soknerådsperioden og AU ønskjer ei drøfting av korleis kvar ein skild opplever det å vere med i rådet, og ein runde på kva me er engasjert for å få til framover.

Me har og fleire større saker me arbeider med over fleire møter for tida, og AU ønskjer innspel til kva saker me skal prioritere – ut frå eit ønskje om å prioritere saker som både er viktige og som engasjerer rådsmedlemmene.

Kvart medlem fortel litt i møtet rundt spørsmåla:

1. Korleis har du opplevd å sitje i soknerådet så langt?
2. Kva er du stolt over at me har fått til / arbeida med i soknerådet så langt?
3. Vil du anbefale andre å seie ja til å sitje i soknerådet neste periode? Kvifor?
4. Opplever du at rådet bruker tid på dei rette sakene? Kva bør me jobbe med framover?
5. Korleis bør møta våre sjå ut for at vi skal få godt engasjement og nå måla våre?
6. Kva kan vi gjere for at soknerådet samla sett skal ha nok kapasitet til oppgåvene våre, utan at det skal bli for stor belastning på kvar enkelt?

Moment frå samtalen:

1. Korleis har du opplevd å sitje i soknerådet så langt?
 - Det har vore interessant å vere med, meningsfullt arbeid og eit god kollegium.
 - Stikkord: Positivt, engasjerande og bevisstgjeringe.
 - Nokre ønskjer vi fekk til enda, særleg innanfor områda frivillige og kyrkjelydsbygging.
2. Kva er du stolt over at me har fått til / arbeida med i soknerådet så langt?
 - Mange løftar fram Cuba-hjelpesendinga som noko konkret. Me lykkast i å samle kyrkjelyden om eit konkret prosjekt – og hadde det kjekt i lag.
 - Summen av alt arbeidet kyrkja driv, inkludert gode gudstenester med fleire dåp kvar helg og vissheita av at ungane vert invitert til trusopplæring seinare.
 - Har lykkast i å engasjere frivillige til å bidra i fleire aktivitetar innan kyrkjeleg undervisning og læring når det har mangla tilsette i tiltaka.
 - 17.mai gudstenesta som eit viktig diakonalt tiltak.
3. Vil du anbefale andre å seie ja til å sitje i soknerådet neste periode? Kvifor?
 - Samrøystes anbefaling frå alle, med vekt på at ein kjem tettare på arbeidet, vert meir engasjert og får moglegheit til å påverke arbeidet i kyrkja.
 - Nokre bør heller engasjerast som frivillige i ei konkret teneste enn i soknerådet. Viktig å tenkje strategisk rekruttering, ikkje berre spørje dei me trur sei ja.
 - Oppmoding om å tenkje på å inkludere aktuelle kandidatar i arbeidet, kanskje i ei frivillig teneste eller som medlem i eit utval – som ein veg inn?
4. Opplever du at rådet bruker tid på dei rette sakene? Kva bør me jobbe med framover?
 - Hovudsakleg felles oppleving av at me arbeider med dei rette sakene.
 - Frivillige og kyrkjelydsbygging opplevast viktig framover.
 - Kyrkjeleg undervisning og læring – ønskje om tilbod for alle alderstrinn
 - Forslag om meir fokus på misjon, kanskje vi treng eit misjonsutval?
 - Unge vaksne er og eit prioritert område.
5. Korleis bør møta våre sjå ut for at vi skal få godt engasjement og nå måla våre?
 - Fleire kan spele inn saker dei ønskjer me bruker tid på
 - Forslag om å la fleire av medlemmene leie enkeltsaker i møta
 - Ved større drøftingssaker kan me kanskje dele oss i mindre grupper?
6. Kva kan vi gjere for at soknerådet samla sett skal ha nok kapasitet til oppgåvene våre, utan at det skal bli for stor belastning på kvar enkelt?
 - Involvere fleire frivillige medarbeidarar, ikkje løyse alt med dei i soknerådet
 - Delegere fleire aksjonar / oppfølging til utvala
 - Gi tilbakemelding til kvarandre og heia på kvarandre.

Vedtak: *Ikkje noko vedtak i saka*

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2026/18 - 217 Frivilligkoordinator

AU har laga eit utkast til oppgåver / profil for ein frivilligkoordinator-stilling, med bakgrunn i drøftingane i førre møte.

Soknerådet drøftar 1) oppgåvene i ei slik rolle, og 2) aktuelle namn.
Send gjerne innspel på aktuelle namn du tenkjer på i forkant av møtet (når du kjem på det).

Vedtak: Saka utsett pga tid.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. ~~«Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest~~
2. ~~Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut~~
3. ~~Ungdomsråd (TOL-utvalet orienterer om arbeidet med å etablere ungdomsråd, jfr Sak 2025/27)~~
4. ~~Solidus givarteneste-løysing~~
5. ~~Fasteaksjonen – korleis engasjere kyrkjelyden? (Jørgen)~~
6. ~~DØGNET 10.-11.april – Korleis førebur me oss til samlinga? (Sigrid)~~
7. ~~Evaluering av arrangement~~
 - a. ~~Drop-in bryllaup~~
 - b. ~~Møtehelg~~

(Alle orienteringane vart utsett pga tida)

Skriv, referat og meldingar

1. Ingen referat denne gongen

Anders Dahl
soknerådsleiar og referent